
Saksnr: 2021/1340-2
Saksbehandlar: Kjetil Kristiansen
Dato: 02.03.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport

Høyringsuttale - påbod om bruk av setebelte i bussklasse 1

I brev av 12.01.2021 føreslår Statens vegvesen på oppdrag frå Samferdselsdepartementet endringar i forskrift om bruk av personleg verneutstyr under køyring med motorvogn 21. september 1979 nr. 7 § 1, fjerde ledd, om bruk av belte i buss gruppe M3 klasse 1 («bybuss»).

På vegne av Vestland fylkeskommune har Skyss vorte utfordra på å gje ei fagleg tilbakemelding på forslaget til endringar i regelverket om bruk av setebelte i buss klasse 1. Skyss vil sende tilbakemeldinga vidare til Kollektivtrafikkforeningen, som vil senda ein samla fagleg tilbakemelding frå alle medlemmene, vidare til Statens vegvesen innan høyringsfristen som er 15.04.2021. Kollektivtrafikkforeningen er ein nasjonal bransjeorganisasjon for offentlege aktørar som planlegg, kjøper og marknadsfører kollektivtrafikk- og mobilitetstenester. Skyss har sendt følgjande innspel til høyringa:

«Skyss opplever Statens vegvesen sitt forslag til endringar i regelverket om bruk av setebelte i buss klasse 1 («bybussar») som rimeleg. Det er i dei to siste bussanboda (rutepakke Bergen sentrum og rutepakke Bergen nord), som begge hadde oppstart i 2020, stilt krav om at klasse 1 bussane også skal være utstyrt med setebelte. Skyss trur at passasjerar generelt ikkje vurderer om dei sit på ein klasse 1 buss, eller annan type buss, når dei vurderer om dei skal bruke tilgjengelege setebelte i bussen. Difor trur vi at det vil være omtrent same nivå på etterleving av beltebruk i klasse 1 bussar, som det er i andre bussar kor det er påbod å bruke setebeltet. Det understrekar at det frå Skyss si side ikkje er gjort teljingar for å sjå om dette stemmer med røynda.

Skyss har likevel ein viss bekymring om at fleire passasjerar enn tidlegare vil velje å stå i bussen på kortare strekningar, i staden for å bruke ledige seter, som følgje av ei slik endring. Dette kan ha ein mogleg negativ effekt ved eventuelle ulukker, sidan det er rimeleg å leggje til grunn at det er større skadepotensiale for ståande passasjerar enn for dei som sitter i eit sete, sjølv om dei ikkje bruker setebeltet. Skyss oppfordrar Statens vegvesen å vurdere denne risikoen, og om mogleg gjere ein undersøking om effekten av den føreslåtte endringa i forholdet til det totale skadepotensialet ved ei ulukke, for alle passasjerar (og sjåfør) om bord på bussar av typen klasse 1.

Det kan også være at det vil bli en debatt rundt ståplassar i buss, og da spesielt bybuss, som følge av at man må bruke setebelte når ein sit. Mens dei som står i bussen ikkje treng å sikre seg i det heile tatt. Dette (opplevde) auka gapet i sikkerheit mellom dei ståande og dei sittande vil kunne føre til ein debatt om det i det heile tatt bør tillatast ståande passasjerar i busser («bybussar»), som igjen vil få store dimensjonerande følgjer for alle oppdragsgjevarane innan kollektivtransport i Norge, spesielt i dei store byane. Bybussen som ein viktig aktør for forflytting av store folkemengder raskt og effektivt vil då bli mindre attraktiv, alt anna like.

Skyss stiller seg positiv til endringa, og vil i utgangspunktet møtesjå alle endringar som bidrar til at den totale sikkerheita for kollektivtrafikkområdet betrast. Vi oppfordrar likevel Statens vegvesen til å gjennomføra naudsynte undersøkingar og analysar om effekten av endringa, med omsyn til det totale tryggleiksbilete for passasjerar og sjåfør i bussklasse 1, før endringa eventuelt trer i kraft, slik at ein er trygg på at endringa bidrar til å betre tryggleiken totalt og at ein sikrar at eventuelle negative konsekvensar som følgje av endringa minimerast.»

Vedlegg

- 1 Høringsbrev - Forslag til endringer i regelverket om bruk av setebelte i buss klasse I
- 2 Vedlegg 1 - Høringsnotat
- 3 Vedlegg 2 - Høringsliste